

Uttale frå hovudutvala 16.09.2020 som vedlegg til **PS 7/20 Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20**

Uttale frå hovudutval for samferdsel og mobilitet

Hovudutval for samferdsel og mobilitet viser til presentert opplegg for driftsbudsjett for 2021 og investeringsbudsjett for 2021-2024 og har følgjande uttale:

Hovudutvalet meiner at den årlege statlege fergekompensasjonen (jfr. Kommuneproposisjon) gir handlingsrom i driftsbudsjettet. Utvalet meiner at følgjande føringar må leggest til grunn for vidare arbeid:

- Ingen takstauke utover prisvekst på buss og bane
- Frekvens på buss/bane fra 2020 til 2021 må aukast jfr. Byvekstavtalen
- Ungdomskortet vert oppretthalde og ein ventar på samordning av kort/soneinndeling.
- Midlar til trafikksikring må ikkje reduserast.
- Det store behovet for vegvedlikehald tilseier at dei aller fleste føreslegne kutt innanfor veg og infrastruktur kan ikkje gjevast tilslutning.
- Det er nødvendig å avsette tilstrekkeleg med midlar til opprydning av ras og flaum i rasfylket Vestland.
- Omsynet til klima og miljø må ligge til grunn for prioriteringane

Investeringsbudsjettet

Hovudutvalet vil vurdere å forskyve oppstart av nye prosjekt som fell under tunelltryggleiksforskrifta i påvente av statleg kompensasjon.

Posten til «Mindre utbedringer» må aukast slik at vi saman med vår egen vegadministrasjon kan få meir vegutbetring for pengane.

Det er viktig å få avklaring på verknadane av dei signaliserte forbetringane i ferjeavløysingsordninga.

Uttale frå hovudutval for opplæring og kompetanse

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til at det pågåande arbeidet med mål og strategiar for vidaregåande opplæring skal danne grunnlag for prioriteringar i sektoren. Eit mål- og strategidokument vil bli lagt fram for fylkestinget i desember til avgjerd.

Med dei store innsparingane som er foreslått kjem opplæringssektoren i ein svært alvorleg situasjon. Det vil vere umogleg å gjere innsparingar på 82,4 mill kr utan at kvaliteten på det vidaregåande skuletilbodet vert redusert. Og det vert lite handlingsrom og dårleg grunnlag for å utvikle den vidaregåande skulen i Vestland fylke.

2. På dette grunnlaget ber vi om at dei reduserte kostnadene som følgje av pensjonspremie (54 mill kr.) vert tilført Opplæring og kompetanse for å saldere budsjettet for 2021.

Hovudutvalet rår til at sektoren vert saldert i 2021 med følgjande innsparingstiltak;

Tiltak 1: avdeling for opplæring og kompetanse - vakansar 4 mill

Tiltak nr 2: bruk av akkumulert disposisjonsfond 30 mill

3. Den økonomiske situasjonen for fylkeskommunen er slik at drifta må reduserast i perioden fram til 2024. Utvalet vil prioritere å vidareføre tiltak som er retta mot sårbare elev- og lærlinggrupper og

undervisningsretta tiltak og utvalet vil ta stilling til innsparingar på sektoren når utgreiingsarbeidet på ulike tiltak er ferdigstilte. Utvalet rår frå at det vert gått vidare med følgjande innsparingsforslag:

- Skulefrokost
- Skulepsykologar
- Elev PC
- Produksjonsskulane i Vestland.
- Fagskulane i Vestland
- Miljøkoordinatorane
- YSK/TAF-tilbodet

I arbeidet med utlysing av tilbodet vil ein for skuleåret 2021/2022 lyse ut det tal klassar som budsjettet gjev grunnlag for.

4. Framlegg om alternative salderingspostar i pkt. 3.5. (37 mill kr) vert ikkje utgreidd. Det gjeld mellom anna framlegget om å ta bort utdanningsprogrammet musikk, dans og drama.

5. Utvalet sluttar seg til rammene i forslag til investeringsbudsjett og ser eit overordna behov for å skuve på investeringar. Utvalet vil likevel peike på at kvart investeringsprosjekt må planleggast og ha ein klar framdriftsplan. Utvalet meiner at utbyggingsprosjekta må sjåast opp mot elevtalsutviklinga for å sikre rett dimensjonering.

Uttale frå hovudutval for kultur, idrett og integrering

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tar presentert felles opplegg for driftsbudsjett 2021 til orientering.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tar presentert opplegg for investeringsbudsjett 2021 - 2024 til orientering
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til presentert budsjett for sektoren kultur, idrett og inkludering fordelt på løyvningsnivå og med innarbeidde salderingstiltak.
4. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ber om at de vedtatte innsparingstiltakene konkretiseres for hvert bevilgningsnivå, og tydeliggjøres for vidare politisk behandling.

Uttale frå hovudutval for næring

1. Hovudutval for næring tek rådmannen sitt framlegg til driftsbudsjett 2021 til orientering.
2. Hovudutval for næring tek rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett for 2021-2024 til orientering.
3. Hovudutval for næring sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til budsjett for sektoren fordelt på løyvningsnivå og innarbeidde salderingstiltak med desse endringane:
 - Det vert vurdert å oppretta næring/utviklingsfond i utsette kommunar og regionar. Fordeling og innretning vert vurdert i eiga sak. Regionråda si rolle i utvikling og partnerskapsarbeidet inngår i saka.
 - Innsparingsframlegg med 1 mill. til Fjord Norge vert reversert. Finansiert over tilsvarande reduksjon post 25 Utviklingsmidlar(deltaking i messer)
 - Det vert vurdert auka utbyggingsstøtte til breiband i prioriterte utbyggingsområde
 - hovudutval for næring ynskjer å få utgreidd styrking av spisskompetanse innan fiskeri og forvaltning og korleis dette kan innarbeidast i budsjett og økonomiplanen